

ADRESSETILDELING OG NAMNGIVING

Terje Larsen

1. Innleiing

Stadnamna har ein viktig funksjon i daglegspråket. Dei er *merkelappar* eller *adresser* som vi nyttar når vi skal fortelja andre kvar vi er, kvar vi har vore eller kvar vi skal. Som *personnamna* er nødvendige for å skilja personar frå kvarandre, er *stadnamna* nødvendige for å avgrensa ein bestemt lokalitet frå andre innanfor eit bestemt område. Lokalitet og namn er så nært samanknytte at vi kan seia at vi like stor grad orienterer oss etter namna som etter lokalitetane. Samtidig er dei *kulturberarar*, som formidlar eldre generasjonars erfaringar og innsikt i samspelet mellom menneske og natur. Kor mange stadnamn det finst i landet, er det sjølvstøtt vanskeleg å avgjera nøyaktig, men ein reknar med at det nok kjem opp i fire-fem millionar, og dei fleste har vakse naturleg fram utan ei bevisst namngjeving etter kvart som nye område har vorte tekne i bruk. Ei særleg viktig rolle har *ferdslenamn* spela, anten det no er til fjells, til skogs eller til sjøs.

Ein moderne variant av *ferdslenamn*, eller *kommunikasjonsnamn*, som dei også blir kalla, er *gate-* og *vegnamna*. Rett nok fanst det gatenamn i byane i gammal tid også, vi finn døme på det alt i Bergens bylov frå 1276, men den gongen voks også dei fram etter kvart som det vart behov for dei, på same måten som dei andre stadnamna. Vegar og gater vart til utan konstruksjonar på eit teiknebrett og store inngrep i landskapet, dei vart difor rike på individualitet, og namnetilfanget vart variert og karakteriserande, alt etter lende, husplassering og daglegliv blant folk i gata eller langs vegen. Det er først ut på 1800-talet at det blir vanleg med ei politisk namngjeving av bygater. I Bergen låg det føre eit framlegg til faste gatenamn i 1857, men alt i 1822 var det sett ned ei nemnd som skulle kome med framlegg om "faste Benevnelser paa alle Gader, Smug, Søegaarde og offentlige Pladse, der maatte befindes at have ingen eller ubestemt Navne". Første gatenamnemnda i Oslo vart oppnemnd i 1847, og i 1857 fastsette kommunestyret i Horten namn på 26 gater.

Gate- og vegnamn slik vi kjenner dei i dag, skil seg ut som ei eiga gruppe av stadnamna. No skal namnet helst stå ferdig før folk byggjer og bur, og namnet kjem til ved det vi kan kalle *dåp*. Sjølvve prosessen fram til dåpen kan vera ulik frå kommune til kommune, men ofte er det ei nemnd som leitar fram eller lagar namn som så blir vedtekne i kommunestyret.

2. Namngjevingsprinsipp

Kva skal ein så leggje vekt på når ein skal velje namn som skal inn i det kommunale adressesystemet? I utkastet til forskrifta til matrikkellova står det i § 50: ”Adresser og skilt skal sørge for at alle på en lett og forståelig måte kan identifisere og finne fram til bygninger, boliger og andre objekt eller steder som det er viktig å finne fram til.” Og i kommentarane til § 52 Vegnavn heiter det m.a.: ”Navnet bør mest mulig følge den lokale navneskikken, samtidig som det bør være lett å skrive og oppfatte.”

Med utgangspunkt i dette kan ein veldig enkelt seia at det er tre omsyn å ta:

- *den praktiske funksjonen* (”alle på en lett og forståelig måte kan identifisere og finne fram”)
- *den kulturelle verdien* (”lokal navneskikk”)
- *den språklege forma* (”lett å skrive og oppfatte”)

Eg skal ikkje gå nærmare inn på regelverk og saksbehandling, men berre kort nemna at når det gjeld det vi kan kalla *namnevedtak*, kan vi skilja mellom to sider. Den eine gjeld *val av namn*, t.d. kva namn ein skal setja på ein ny veg som skal inn i det kommunale adressesystemet. Her må ein særleg ta omsyn til delingslova/matrikkellova med forskrifter.

Den andre sida av namnevedtaket gjeld kva *skrivemåte* det nye adressenamnet skal ha. Her skal lov om stadnamn med tilhøyrande forskrifter leggjast til grunn. For folk flest er kommunale veg- og gatenamn viktige stadnamn, kanskje dei viktigaste, både reint praktisk, men også psykologisk, særleg fordi dei også er *adressenamn*. Dei blir på ein

måte ein del av identiteten vår. Det er difor viktig at ein gjer godt forarbeid og har gode prosedyrar i slike saker.

2.1 Generelle namngjevingsprinsipp

Ved offisiell namngjeving av kommunale vegar og gater kan ulike namngjevingsprinsipp vera aktuelle. Her i landet er det særleg to hovudprinsipp som går att, nemleg *kulturminneprinsippet* og *orienteringsprinsippet*. Kulturminneprinsippet går ut på at namnet som blir fastsett, inneheld eit kulturminne som både kan vera identitetsberande og identitetsskapande når det gjeld lokal namneskikk, lokalt språk, lokalhistorie og kulturhistorie generelt. Dette betyr t.d. at tradisjonelle stadnamn, personnamn og institusjonsnamn blir brukte på nytt, men altså i ein annan funksjon, nemleg som veg- og gatenamn, eller at ein lagar namn som fortel noko om folkeliv, næringsliv og liknande på staden.

Orienteringsprinsippet derimot, inneber at det praktiske kommunikasjonsformålet ved namnevalet er overordna alle andre omsyn. Det næraste vi kan kome ein variant av eit reint orienteringsprinsipp i Noreg, må vera bruken av *nummeringsprinsippet* ved namngjevinga i Måløy i Vågsøy kommune, Sogn og Fjordane, nemleg *Gate 1*, *Gate 2*, *Gate 3* osv., til og med *Gate 8*.

Ein annan variant av orienteringsprinsippet er *temaprinssippet*, eller *kategoriprinssippet*, der ein konsekvent nyttar nemningar frå eit bestemt temaområde som førsteledd i visse delar av ein tettstad, t.d. plantenemningar, trenemningar, dyrenemningar, planetnamn, stjernnamn. Slike kategorinamn, eller gruppenamn, har altså først og fremst ein praktisk motivasjon, og ofte ser ein heilt bort frå både topografien og kulturhistoria i området. Dersom ein ønskjer å bruke slike kategorinamn (gruppenamn), bør ein velja tydingsområde som har tradisjonell tilknytning til staden.

Det er likevel slik at det er vanskeleg å gjennomføra konsekvent eitt prinsipp. Det blir ei blanding, men undersøkingar tyder på at kommunane har kulturminneprinsippet som ei overordna rettesnor.

2.2 Nærmare om namnetypar

2.2.1 Gjenbrukte stadnamn

a) Eldre stadnamn brukte direkte: Myra, Åsen, Svenskebakken, Nordjordet

b) Eldre stadnamn + nytt sisteledd: Kongslykkjevegen, Vøyengata, Mælumsgutua, Lauvtjernveien

Eit par kommentarar til dette. Når det gjeld gjenbruk av stadnamn, har det mest vanlege til no vore å nytte variant b), dvs. eit eksisterande stadnamn + eit sisteledd, oftast gate eller veg/vei. Gate er mest vanleg i typiske bystrok, medan veg/vei blir nytta elles. Her kan ein godt variera. For det første er det ikkje nødvendig å ha med eit ord for gate/veg – variant a) fungerer like godt. For det andre finst mange andre ord som kan nyttast som sisteledd: *braut, brekke, gutu* med variantar, *kleiv, krok, smog/smau, stig, trakk/tråkk* osv.

Ei gruppe lånord som i seinare tid har kome inn i mange tettstrok, er *allé, aveny, chaussé, terrasse* og liknande. Sjølv om slike ord har funne ein naturleg plass mellom gatenamna i somme av dei større byane, bør ein tenkja seg om før ein nyttar dei i bygdemiljø der det ikkje er tradisjon for dei.

2.2.2 Nylaga vegnamn

- Terrengeformasjonar: Bekkefaret, Dalgata, Brattvegen
- Jordsmonn, grunn: Moldbakken, Sandstien, Steinbakken
- Dyr og fuglar: Elgfaret, Revestigen, Trosteholtet
- Planteliv: Konvallstigen, Bjørkelia, Furukroken
- Gards- og skogsarbeid: Slåttenga, Ploglendet, Tømmervelta
- Industri og handverk: Smedgata, Sagbakken, Gruvegangen
- Sosialt samvær: Leikvollen, Festplassen, Dugnadshaugen
- Institusjonar, bygningar: Rådhusgata, Kommunesvingen, Kjerkgata, Gymnasvegen

2.2.3 Personnamn i vegnamn (memorialnamn):

- Mannsnamn: Herman Wildenveys gate, Fostervolds gate, Dr. Werrings gate, Havnefogd Schjetnans gate, Hermanbakken

- Kvinnenamn: Betzy Kjelsbergs vei, Berte Kanutte-vegen, Torøvegen, Ymjørdragje

Eg skal knytte nokre kommentarar til bruken av personnamn i vegnamn, som er ei vanleg vegnamntype, ikkje berre her men faktisk verda over. Bakgrunnen er at ein gjerne vil heidra ein person ved knyte namnet til vedkommande til eit geografisk objekt. Så tanken er god, men ikkje utan problem.

I Adresser og stadnamn 1 Handbok i kommunal adressetildeling frå 1986 er det sett opp åtte punkt når det gjeld prinsipp som bør leggjast til grunn ved val av vegnamn. Det sjuande punktet lyder slik:

Ein bør unngå å nytte namn på nolevande personar i adressenamna. Namn på avlidne personar eller fantasipersonar bør nyttast berre når det er særlege grunnar for det.

I kommentarane til punktet heiter det:

Når ein rår frå å nytte namn på nolevande personar i adressenamn, har det m.a. samanheng med den særlege prestisjen dei aktuelle personane ville få. Det vil òg vere vanskeleg å avgjere kven som var fortent til ei slik oppkalling. Dessutan kunne det lett gå inflasjon i slike namnelagingar. Omdømet til ein person kunne òg endre seg gjennom tida.

Det blir vidare sagt at ein står friare når det gjeld namn på avdøde personar, men at ein likevel bør sjå om andre meir tradisjonelle stadnamn peikar seg ut før ein dreg inn personnamn, særleg om det er aktuelt å nytte etternamnet til personen. Det blir peikt på at i mange høve har både etternamn og særleg fornamn blitt innarbeidde stadnamn i lokalmiljøet, t.d. Sjursbakken, Meyerhaugen, og at slike namn kan nyttast i adressenamn på linje med andre tradisjonelle stadnamn.

Eg sa at dette er ein vanleg namnetype verda over, og eg kan i denne samanhengen nemna at mellom alt anna, held FN også på med namn. På ein namnekongress i 2002 vart

det vedteke to resolusjonar om bruken av personnamn i stadnamn, med desse konklusjonane:

1. *Recommends that the appropriate national authorities discourage the use of personal names to designate a geographical feature during the lifetime of the person in question.*
2. *Also recommends that the appropriate national authorities include in their guidelines clear statements of the length of the waiting period they wish to establish before using a commemorative name.*

(Helsingfors)

3. Nokre generelle skrivereglar

Vegnamn skal, som alle veit, skrivast med stor forbokstav. Ved lause samansetjingar skal berre første ordet ha stor forbokstav: Øvregata, men Øvre gate.

Når det gjeld samanbindinga mellom første- og sisteleddet, bør ein nytta den forma som er naturleg i målføret: Furubakken, Elvegata, Gausdalsgata. Når utgangspunktet er eit namn i bestemt form, t.d. Åsen, Haugen, Fjellet eller Lia, bør det heite Åskroken, Haugsbakken, Fjellvegen og Ligrenda, og ikkje Åsenkroken, Haugenbakken, Fjelletvegen og Liagrenda. Eit hovudprinsipp i norsk ord- og namnelaging er at førsteleddet i ei samansetjing står i ubestemt form, ev. med ein bindelyd. Vi ser ein tendens til at typen med bestemt form i førsteleddet breier seg, og vi får mange spørsmål om dette. Som døme på tradisjonell ord- og namnelaging brukar eg gjerne Mjøsa, men Mjøsbua, Holmenkollen, men Holmenkollbakken, Sognefjellet, men Sognefjellhytta, Østerdalen, men østerdalslue.

Samansette stadnamn har tradisjonelt bestemt form og fast samansetjing: Bråtabakken, Brattlia. Oftast har slike namn halde på den bestemte forma også som adressenamn, men i nylaga namn med personnamn som førsteledd og *veg*, *gate*, *plass* som sisteledd, er oftast ubestemt form brukt: Sigurd jarls gate, Sigurds vei. Her kan ein vurdere former som Sigurd(s)veien.

Dersom ein nyttar ord som *allé* og *chaussé*, brukar ein aksentteiknet i ubestemt form, men sløyfar det i bestemt form: *Madserud allé*, *Harbitzalleen*.

Oppsummering

Samanfatta kan desse punkta vera rådgevande når det gjeld val av adressenamn:

1. Namnet bør passe inn i eit samordna system for adressering
2. Namnet bør mest mogleg følgje den lokale namneskikken
3. Namnet bør vere lett å oppfatte, skrive og uttale
4. Namnet bør helst vere lokaliserende, dvs. innehalde eit eller fleire ord som karakteriserer terrenget
5. Ein bør unngå å nytte namn på nolevande personar i adressenamna
6. Der det er vanskeleg å finne tilstrekkeleg med namn med lokal tilknytning, kan ein samle namn i grupper/kategoriar innanfor bestemte område
7. Namnet bør ikkje verke støytande eller komisk

Her er ei lenke til ei brosjyre som Språkrådet har laget. Du finner den i høyre marg (den fins både på bokmål og nynorsk + i papirformat).

<http://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/Kommunal-navnsetting/>